



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1244 - 17/13262

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
30.10.2017

Byggesak 28/128 Kvalheim Nedre - ny bustad - mellombels svar nr.3

Viser til ditt brev av 17.10.2017 med revidert terrengtilpassing og plassering.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Mottatt dokumentasjon beskriv prosjektering av veg med helningar i eit omfang som gjer at det må erklærast ansvarsrett PRO for grunn og terrengarbeider, dette må framkoma i søknad.
2. For fylling/planering som startar nærare nabogrense enn 1 meter, eller forøvrig i strid med avstandsføresegner i plan- og bygningslova § 29-4, må det anten liggje føre skriftleg samtykke frå nabo eller det må søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. Ein eventuell søknad om dispensasjon skal nabovarslast særskilt.
3. Mottatt brev, datert 17.10.2017, beskriv endra plassering av garasje. Det må sendast inn revidert situasjonsplan med oppdaterte avstandar påført. Derunder endra plassering av garasje og avstand frå start av fylling/planering til nabogrensa.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.11.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eva Beate Kvamsdal
Viggo Jensen

Sælenveien 10
Sælenveien 10

5151
5151

STRAUMSGREND
STRAUMSGREND

Mottakarar:

Byggraad AS

Fleslandsvegen 235A

5258

BLOMSTERDALEN